

Silden er kommet!

30.10.2009



Silden er kommet! Det ropa vektarane i gamle dagar og det kunne også Skorpo-buar Johannes Hauge (75) ha gjort då han i føremiddag landa på Sandakaien.

Men i dag er det andre kommunikasjonsmidlar som kan nyttast viss ein vil spreia ein bodskap.

Johannes var lettare opprømt, for han hadde fått garnet sitt fullt av fin sild og no hadde han eitt eksklusivt problem: Korleis skulle han bli kvitt silda?

- Det er minst 30 kilo og eg fekk like mykje i førre veka, fortalte Johannes, som har fiska sild og annan fisk gjennom heile livet.

- Silda er veldig fin, ho eignar seg til spekesild, sa Johannes oig håpa at fleire kjøparar ville innfinna seg.
- Men eg blir vel ståande her i dag, sa han.

Johannes forlangte forresten berre ein tiar for 10 silldar. Billeg og god mat, spør du oss.

(Foto: Ola Matti Mathisen)